

Hemsedal kommune

Møteinnkalling

Formannskapet

Møtested: Kommunestyresalen

Møtedato: 10.04.2008

Tid: 19.00

Eventuelle forfall må meldast til møtesekretær i sekretæriet på telefon 31408800

Varamedlemmer møter kun etter nærmere avtale.

SAKSLISTE

Saknr.	Arkivsaksnr. Tittel
27/08	08/418 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE
28/08	07/1432 BARN OG UNGE SIN REPRESENTANT I PLANSAKER - SØKNAD OM FRITAK
29/08	08/339 HALLINGDAL INNKREVINGSKONTOR - REVIDERING AV VEDTEKTER
30/08	08/28 BYGGEPROSJEKT - TUV OG ULSÅK BARNEHAGAR

Hemsedal, 7. april 2008

Oddvar Grøthe
ordfører

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 27/08
Arkivsaksnr: 08/418
Arkivkode:

Saksbehandler:

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 27/08	Formannskapet	10.04.2008

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FORRIGE MØTE

Saka blir avgjort av:

Formannskapet

Vedlegg:

Ingen

Saksopplysningar:

Saka gjeld godkjenning av protokoll frå møtet i formannskapet 26. mars 2008 .

Rådmannen si tilråding:

Protokoll frå møtet i formannskapet 26. mars 2008 vert godkjent

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 28/08
Arkivsaksnr: 07/1432
Arkivkode: 033 &15

Saksbehandler: Anne Marie Storeheier

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 12/08	Kommunestyret	03.04.2008
PS 28/08	Formannskapet	10.04.2008

<i>BARN OG UNGE SIN REPRESENTANT I PLANSAKER - SØKNAD OM FRITAK</i>
--

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Ingen

Dokument i saka:

13.11.2007 MELDING OM POLITISK VEDTAK - BARN OG UNGE SIN REPRES... PERIODEN 2007-2011

06.02.2008 BARN OG UNGE SIN REPRESENTANT - TREKKJER SEG SOMREPRESENTANT - JARLE BU

Saksopplysningar:

Jarle Bu har sendt brev om at han ønskjer å trekkje seg som barn og unge sin talsmann i plansaker. Det ligg ikkje føre noko begrunning. Ole Petter Espe er vara.

Vurdering:

Ved fritak er det naturleg at vara rykkjer opp. Ny vara må difor veljast.

Rådmannen si tilråding:

1. Jarle Bu får fritak.
2. Ole Petter Espe rykkjer opp som barn og unge sin talsmann i plansaker for kommunestyreperioden.
3. Som ny vara vert vald.....

Handsaming/vedtak i Kommunestyret den 03.04.2008 sak 12/08

Handsaming:

Framlegg frå Oddvar Grøthe

Formannskapet får fullmakt til å peke ut varamedlem

Framlegg frå Odd Holde

Andreas Colbro vert vald som vara.

Framlegg frå Tove Eggen Lien

Ragnhild Intelhus vert vald som vara.

Innstilling med framlegg frå Oddvar Grøthe vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Kommunestyret si innstilling til formannskapet

1. Jarle Bu får fritak.
2. Ole Petter Espe rykkjer opp som barn og unge sin talsmann i plansaker for kommunestyreperioden.

Formannskapet får fullmakt til å peke ut varamedlem

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 29/08
Arkivsaksnr: 08/339
Arkivkode: 026 &10

Saksbehandler: Gabriel Johannessen

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 21/08	Formannskapet	26.03.2008
PS 17/08	Kommunestyret	03.04.2008
PS 29/08	Formannskapet	10.04.2008

FELLES INNKREVJINGSKONTOR-JUSTERING AV AVTALE / VEDTEKTER

Saka blir avgjort av:

Kommunestyret

Vedlegg:

Revidert avtale

Dokument i saka:

Ingen ut over tidlegare saksdokument

Saksopplysningar:

Kommunestyret i Hemsedal gjorde i 2004 vedtak om å etablere felles innkrevingskontor for Hallingdal saman med dei øvrige 5 Hallingdalskommunane. I same møte hausten 2004 vedtok kommunestyret vedtekter for innkrevingskontoret.

Dei øvrige kommunane har fatta likelydande vedtak. Innkrevingskontoret vart oppretta med verknad frå 1. desember 2004 med Gol kommune som vertskommune.

Avtala og vedtekter for styret ble utforma på bakgrunn av det lovverk som var gjeldande på vedtakstidspunktet.

Formelt ligg innkrevingskontoret under rådmannen i Gol, men med eget styre bestående av ein kommunestyreoppnemnt medlem frå kvar kommune.

Etter endring i kommuneloven frå 1. januar 2007 er det no mogleg å delegere forvaltningsmynde til eit interkommunalt organ med felles folkevalt nemnd.

Forslaget til revisjon av avtala er basert på gjeldande avtale og vedtekt, gjeldande kommunelov og særlov.

Kommunen sitt ansvar for innkreving etter skattebetalingslova, innkreving og sikring av kommunale krav etter særlov samt regnskapskontroll i bedriftene må delegerast frå kommunestyret til felles folkevalt nemnd.

For å ivareta rettssikkerheita skal det òg oppnemnast felles klagenemnd med eitt medlem med vara frå kvar deltakande kommune. Klagenemnda konstituerar seg sjølv.

Etter Forvaltningslova § 28, fyrste lekken skal klagenemnda behandle slike klager:

Enkeltvedtak kan påklagast av ein part eller annan med rettsleg klageinteresse i saka til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmast overordna det forvaltningsorgan som har treft vedtaket (underinstansen).

Avtala er drøfta i rådmannsutvalet og sendt til styret for Innkrevingskontoret for høyring.

Forhold til overordna plan:

Ikkje vurdert

Miljøkonsekvensar:

Ikkje vurdert

Økonomiske konsekvensar:

Tal medlem i felles folkevalt nemnd er det doble av noverande styremedlemmer. Møter i klagenemnda inneber møtegodtgjersle. Det vil slå ut i noe høgare møtegodtgjersle. Rådmannen føreset at desse meirutgiftene vert dekt innafør vedtekne rammer for tenesta.

Vurdering:

Forslaget til revidering av avtala endrar ikkje det materielle innhaldet. I tillegg er det tatt inn relevante delar av vedtektene for styret slik at ein berre får eitt dokument å halde seg til for ettertida.

Delegering til felles folkevalt nemnd er ein stadfesting av tidlegare fatta vedtak, og vil ikkje føre til reelle endringar.

Oppretting av spesiell klagenemnd er nytt. Erfaringane frå den etablerte klagenemnda syner at klager innafør innkrevingsområdet sjeldan skjer.

Formannskapet er tidlegare orientert om saka, men handsaminga har vorte utsett i påvente av uttale frå styret ved Innkrevingskontoret.

Rådmannen har mottatt slik uttale og avtaleforslag som ligg vedlagt saksutgreiinga:

” Vedlagt følger styret sitt forslag til ny samarbeidsavtale, behandlet i styremøte 25.01.2008.

"SAMARBEIDSAVTALE/VEDTEKTER

Samarbeidsavtale/vedtekter ble gjennomgått og kommentert, jfr. utkast mottatt fra Gol Kommune ved brev av 23.11.2007.

Samarbeidsavtalen er tilpasset ny § 28 a-k i Kommuneloven.

Dette fører bl.a. til at felles folkevalgt nemnd skal bestå av to representanter og to varamedlemmer fra hver av deltakerkommunene og må behandles i deltakerkommunenes kommunestyre.

Utkast til forslag sendes medlemmene i folkevalgt nemnd med frist til onsdag 30.1.2008 kl. 12.00 for eventuelle kommentarer. Etter fristens utløp sendes forslag til ny samarbeidsavtale til rådmennene i deltakerkommunene."

Styreleiar Oddvar Grøthe har kommet med følgende kommentar:

Når dette blir oversendt rådmannsutvalet for handsaming bør det vera med nokre linjer som forklarar endringsforslaga frå styret:

Me meiner varamedlemmer i nummerert rekkefylgje er ein fordel, dei er vara for begge medlemmene og betrar kontinuiteten i styret.

Me trur ikkje det er klokt å skifte leiar og nestleiar midt i perioden berre for å få ei rullering mellom kommunane. Her er det kva som er best for styret som må telle mest.

Det er ikkje nødvendig å kople oppstartvilkår inn i avtala no. Kontoret har fungert i 4 år og personaltilpassningane er gjort.

Dette med å levere eit budsjett som byggjer på budsjetttrundskriv frå 6 kommunar går ikkje med mindre desse er like. Innkrevningskontoret må koma med budsjettframlegg som byggjer på kva eigarene vil ha-avtala- og føringar frå vertskommunen.

En ber om at samarbeidsavtalen blir behandlet i det enkelte kommunestyre.

Felles innkrevingskontor for Hallingdal

for Gerd Svantesvold

daglig leder i denne sitt fravær

Leif Engene ”

Rådmannen si tilråding:

1. Revidert avtale om Felles innkrevingskontor i Hallingdal blir godkjent.

2. Hemsedal kommune sitt ansvar som er pålagt i Lov om betaling og innkreving av skatt av 21. november 1952 nr 2 med tilhørende forskrift og instruksar, og Instruks for skatteoppkrevjarar fastsett av Skattedirektoratet 2. mai 2000, unntatt § 42, blir i sin heilskap delegert til Felles folkevalt nemnd for Innkrevingskontoret i Hallingdal.
3. Kommunen sin kompetanse til å drive inn og sikre kommunale krav med legalpant eller inkasso etter særlov vert delegert til Felles folkevalt nemnd for Innkrevingskontoret i Hallingdal.
4. Som Hemsedal kommune sine medlemmer i folkevalt nemnd blir valt
medlem: varamedlem 1:
medlem: varamedlem 2:
5. Som Hemsedal kommune sitt medlem i klagenemnda blir valt
medlem: varamedlem:
6. Vedtaket blir gjennomført så snart alle deltakande kommunar har fatta likelydande vedtak.

Handsaming/vedtak i Formannskapet den 26.03.2008 sak 21/08

Handsaming:

Innstilling vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Formannskapet si innstilling til kommunestyret:

1. Revidert avtale om Felles innkrevingskontor i Hallingdal blir godkjent.
2. Hemsedal kommune sitt ansvar som er pålagt i Lov om betaling og innkreving av skatt av 21. november 1952 nr 2 med tilhørende forskrift og instruksar, og Instruks for skatteoppkrevjarar fastsett av Skattedirektoratet 2. mai 2000, unntatt § 42, blir i sin heilskap delegert til Felles folkevalt nemnd for Innkrevingskontoret i Hallingdal.
3. Kommunen sin kompetanse til å drive inn og sikre kommunale krav med legalpant eller inkasso etter særlov vert delegert til Felles folkevalt nemnd for Innkrevingskontoret i Hallingdal.
4. Som Hemsedal kommune sine medlemmer i folkevalt nemnd blir valt
medlem: varamedlem 1:
medlem: varamedlem 2:

5. Som Hemsedal kommune sitt medlem i klagenemnda blir valt medlem: varamedlem:
6. Vedtaket blir gjennomført så snart alle deltakande kommunar har fatta likelydande vedtak.

Handsaming/vedtak i Kommunestyret den 03.04.2008 sak 17/08

Handsaming:

Framlegg frå Oddvar Grøthe:

Pkt. 4 og 5. :

Kommunestyret delegerer val av medlemer og varamedlemer til formannskapet.

Innstilling med framlegg frå Oddvar Grøthe vedteken. Samrøystes.

Vedtak:

Kommunestyret si innstilling til formannskapet:

1. Revidert avtale om Felles innkrevingskontor i Hallingdal blir godkjent.
2. Hemsedal kommune sitt ansvar som er pålagt i Lov om betaling og innkreving av skatt av 21. november 1952 nr 2 med tilhøyrande forskrift og instruksar, og Instruks for skatteoppkrevjarar fastsett av Skattedirektoratet 2. mai 2000, unntatt § 42, blir i sin heilskap delegert til Felles folkevalt nemnd for Innkrevingskontoret i Hallingdal.
3. Kommunen sin kompetanse til å drive inn og sikre kommunale krav med legalpant eller inkasso etter særlov vert delegert til Felles folkevalt nemnd for Innkrevingskontoret i Hallingdal.
4. Vedtaket blir gjennomført så snart alle deltakande kommunar har fatta likelydande vedtak.

Kommunestyret delegerer val av medlemer og varamedlemer til formannskapet.

Hemsedal kommune

Sakshandsaming

Saknr .: 30/08

Arkivsaksnr: 08/28

Arkivkode: 614

Saksbehandler: Harald Sundsøy

Saksnummer	Utvalg	Møtedato
PS 30/08	Formannskapet	10.04.2008

BYGGEPROSJEKT - TUV OG ULSÅK BARNEHAGAR***Saka blir avgjort av:***

Formannskapet

Vedlegg:

1. Forprosjekt Tuv barnehage.
2. Forprosjekt Ulsåk barnehage.
3. Vedr. takkonstruksjon – Ulsåk barnehage.
4. Kostnader med arbeid utanomhus.
5. Kostnader ved opparbeiding av vassboren varme. (blir lagt fram i møtet)

Dokument i saka:

1. K-sak 140/07 av 13.12.2007
2. F-sak 07/08 av 22.01.2008

Saksopplysningar:

Det skal byggjast ei avdeling ved kvar av barnehagane Ulsåk og Tuv med grunnlag i vedtak i kommunestyret 13.desember 2007 og vedtak i formannskapet 22.januar 2008.

Vedtak 13.12.07:

” Det skal vere 8 kommunale barnehageavdelingar i Hemsedal.

1. *Det skal byggjast ei avdeling med fleksibel gruppestorleik ved Tuv oppvekstsenter. Bygget skal setjast opp med utgangspunkt i skissa frå prosjektgruppa, men med inngang til grendastugu frå nord. Prosjektet startar opp i 2008 med ei kostnadsramme på 5,6 mill inkl mva.*
2. *Det skal byggjast ei avdeling med fleksibel gruppestorleik ved Ulsåk oppvekstsenter som er knytta fysisk saman med skulebygget. Prosjektet blir starta opp i 2008 med ei kostnadsramme på 8,2 mill kr inkl mva.”*

Vedtak 22.01.08:

1. ” Formannskapet godkjenner at det vert innhenta ekstern prosjektleiar for barnehageutbygginga ved Tuv og Ulsåk barnehagar.
2. Prosjektet blir organisert innanfor følgjande organisatorisk og tidsmessig ramme:
 - ✓ Prosjektorganisering.
 - ✓ Milepælsplan.
3. Formannskapet er styringsgruppe i prosjektet.
4. Det blir oppretta ei prosjektgruppe som i tillegg til prosjektleiar er samansett av fire medlemmer: Rådmann, vaktmeister, ingeniør teknisk drift, kultur-og oppvekstsjef.
5. Det er to referansegrupper, ei for kvar barnehage. Desse skal fungere som faggrupper og er samansett av styrar, rektor og verneombod. Det skal vere fagleg dialog mellom prosjektgruppa og faggruppene.
6. Prosjektgruppa har mandat til å gjennomføre utbygginga av avdelingane ved Tuv og Ulsåk barnehagar innanfor økonomisk ramme gitt av kommunestyret i sak 140/07 og innanfor ein tidsplan med byggestart 1.8.2008 og ferdigstilling av bygg og innflytting per 1.7.2009.
7. Prosjektgruppa skal halde styringsgruppa løpande orientert om framdrifta og om eventuelle avvik. Alle prinsipielle spørsmål skal avklarast med styringsgruppa. Styringsgruppa kan justere tidsplanen.”

Konkurransgrunnlaget i forhold til prosjektleiing vart sendt ut med tidsfrist 24.01.08. HR Prosjekt AS fekk tilbodet med Nina Solli som prosjektleiar.

I perioden fram til 31.mars har prosjektleiinga hatt to møte med referansegruppa og to med prosjektgruppa. Styringsgruppa er orientert undervegs. Prosjektgruppa har hatt eitt møte med representant for styret for grendastugu. Arkitekt har vore med på eitt av møta. Det er prosjektert planløyseringar etter gjeldande lover og forskrifter. Brukarrepresentantane har ivareteke funksjonskrav /ønskje innanfor desse kriteriane.

Det er utarbeidd to forprosjektrapportar frå prosjektleiinga, ein for Ulsåk barnehage og ein for Tuv barnehage.

3. april var det eit orienteringsmøte der styringsgruppa, prosjektgruppa og HR Prosjekt AS ved Nina Solli og Helge Rustand var tilstades.

Teikningar datert 28.03.2008 er siste revisjon, og er foreløpige planskisser der mindre justeringar vil føreligge som i forhold til tekniske fag, då dette ikkje er prosjektert per i dag. I tillegg kan det kome krav frå Arbeidstilsynet, Barnehagelov, Miljøretta helsevern og Mattilsynet. Det er berekna saltak for begge bygg, men det er ikkje utarbeidd fasadeteikningar enno.

HR Prosjekt AS vil utarbeide ein avgjerdsplan for brukarane, og fasar for avgjerd i forhold til planløysering vil vere i samsvar med denne. Den vidare brukarprosess vil vere avgjerd i forhold til overflater, inventar m.v. Avgjerdsplan blir laga for dette.

For kvar av barnehagane er det lagt fram teikningar med tilhøyrande budsjett i to alternativ, jf vedlegg under punkt 2,1-6, Tegninger-Funksjoner. Under dette punktet er det planbeskriving frå arkitekt, teknisk anlegg, kort byggbeskriving, utomhus, inventar og tiltaksgrense bygg.

Ulsåk barnehage

Alternativ 1 på 206,7m² og alternativ 2 på 203,5m² ulike på grunn av inngangspartia. Tilbygget ved Ulsåk skal koplatt til skulebygget. Skule og barnehage skal ha ein del felles funksjonar som personalrom, kontor for styrar/rektor, reinhaldssentral og gymsal. Musikkrom skal byggjast inn i det nye tilbygget og tilkomst til dette er gitt via lager i skulebygget. Musikkrommet får direkte dagslys og tilkomst både frå skule og barnehage utan gjennomgang. Ventilasjonsaggregata er tenkt lagt på loft. Uteområda blir reetablert til plen. Gangsti/tilkomstveg blir etablert fram til barnehagen.

I budsjettet er det ikkje teke med endring ved inngjerding av tomt, nyetablering av parkeringsareal eller utfylling av skråning mot noverande parkering for eksisterande barnehage.

Tuv barnehage

Alternativ 1 er teikna med inngang frå nord med storleik 148,7 m². Alternativ 2 med inngang frå sør er 168 m².

Ved alternativ 1 er ny inngang til grendasutgu plassert heilt inntil eksisterande bygning, med ein garderobe i enden av gangen og med gjennomgang til barnehagen. For å komme inn i eksisterande grendastugu må det etablerast ein gang med gymsallager som i dag er stollager. Erstatning for stollager er plassert utanfor eksisterande inngang, slik at dørøpning blir nytta. Stollager medfører at eit vindauge må fjernast i eksisterande kjøkken.

Alternativ 1 med inngang til grendastugu frå nord legg føresetnader for personalgarderobar og barnegarderobe. For å kunne tilfredsstille krava til garderobeareal i barnehage, er ein del av tilbygget utvida med 80 cm på vegglivet. Arbeidstilsynet set krav om toalett og garderobe for begge kjønn. Toalett og garderobe krev plass og det er i tillegg stilt krav om ekstra store personalgarderobar på grunn av verforhold og fjellklima. For å spare plass er det valt å dele opp herretoalett og garderobe slik at dei står kvar for seg. Då vil herretoalettet kunne fungere som toalett i samband med grovgarderoben. Den andre garderoben har eige toalett. Tørkerommet har direkte nærleik til grovgarderoben.

Alternativ 1 med inngang frå nord blir om lag 20 m² større enn alternativ 2.

Alternativ 2 har inngang frå sør og har to inngangar ved sida av kvarandre, ein til grendastugu og ein til barnehagen. Ein gjennomgang til grendastugu frå barnehagen går via vindfanget til grendastugu. Stollageret blir som i dag. Grovgarderoben blir litt mindre og det blir mindre romsleg i tørrgarderoben. Personalgarderoben har om lag same plassering som ved alternativ 1, det same gjeld vaskerenne og HC med dusj. Teknisk rom ligg innanfor herregarderoben.

Leikearealet er om lag 3 m² mindre enn ved alternativ 1.

Utanomhus er det berekna at eksisterande uteboder blir flytta. Innanfor dagens tomteområde blir det arbeid vidare med leikeområde, eksisterande leikeutstyr og sandkasse.

Det er ikkje pårekna kostnader ved endring av inngjerding av tomt eller nyetablering av parkeringsareal.

Det er utarbeida hovudframdriftsplan for prosjektet for begge barnehagane.

Start for byggarbeid er planlagt til august 2008 og ferdig innan september 2009. Det er avsett lang byggetid slik at dette gir rom for deltaking frå fleire entrepenørar. Eksakt byggetid kan setjast når anboda er kome inn.

Forhold til overordna plan:

Barnehageplan 2006-2010.

Økonomiske konsekvensar:

I dei eksisterande barnehagebygga er det i dag elektrisk oppvarming. Det er ikkje tenkt vassboren varme i dei nye bygga. Kostnadsoverslag for vassboren varme for begge barnehagane blir lagt fram i møtet.

Kostnad vedrørende arbeid utanomhus ved begge barnehagane som gjeld parkeringsplassar m.v. er ikkje med i budsjettet.

Viser til nemnde vedlegg med kalkylar og budsjett.

Erfaringstal frå tilsvarende prosjekt er nytta. Fagprisane er basert på erfaringstal frå bransjen.

Det er teke utgangspunkt for totalentreprise for prosjektet. Det er lagt opp til at bygginga kan utførast saman med begge barnehagane, eller separat, alt avhengig av mest økonomisk fordelaktig løysing etter anbod.

Nokre moment som kan vere med å påverke pris i prosjektet er lokalt entrepenørmarknad, generelle marknadssvingningar, vinterarbeid m.v. Slik usikkerheit er vurdert til +/- 15%.

Eksakt budsjetttal kan først leggjast fram når anbod er kome inn.

Det blir vist til vedlegg vedrørende kostnader med utanomhusarbeid som ikkje er teke med i totalkostnaden frå prosjektleiinga. For Ulsåk barnehage dreier dette seg om parkering som er tenkt langs vegen på søraustre sida av eigedomen og ei utviding av eksisterande "rundkøyring" ved barnehagen. Dette vil krevje noko meir gravearbeid og sannsynlegvis noko meir masse enn ved Tuv. Det trengs også noko matjord og opparbeiding av leikeareal.

Ved Tuv barnehage er parkeringa tenkt langs vegen på vestre side av eigendommen. Dette vil ta bort noko av leikearealet som er der i dag. Det må også setjast opp nødvendig inngjerding.

Vurdering:

Brukarar ved Tuv barnehage har gitt uttrykk for at alternativ 1 er å føretrekkje då dette alternativet har det mest romslege opphaldsarealet.

Lageret er dessutan enkelt tilgjengeleg. Disponibelt lager føreset at ventilasjonsaggregat blir lagt til loft. Skal ventilasjonsrom ligge på bakkeplan, vil det krevje eit rom på om lag 6m².

Dette må vurderast i forhold til det tilgjengelege.

Alternativ 1 med inngang frå nord er også i samsvar med ønskje frå styret for grendastugu og i tråd med kommunestyrevedtak av 13.12.07

Alternativ 2 ved Ulsåk barnehage er å føretrekkje på grunn av at inngangspartiet gir meir rom for ly enn ved alternativ 1.

Utover nemnde vurderingar frå prosjektgruppa blir det ikkje tilrådd val av alternativ for utbygging.

Rådmannen si tilråding:

Ikkje framlegg til vedtak.